

## Notat

100117

### **Fløholmen og Nordre Byngja.**

#### **Moment.**

Viser til :

- Bergens Tidende 10. januar 2018 : «strilifiseringa» må vendast – fleire sentrumbustader i «havbyen Bergen», ut med terminalfunksjonar og transport.
- SP-leiar Vedum i DN sommaren 2017 ; ein kan ikkje berre bu og kjøra, det må også produserast (i basisnæringar)
- Melding 21. 12. 2017 : Seafood Group på Golta : vegtilkomst gjennom grenda : reguleringskrav : 70% av transporten skal gå med båt

Det grønne skiftet – frå fossil til fornybar energi - skyt fart, med forskning/teknologiutvikling og (lønsame) investeringar som drivkrefter.

Havbruksnæringa slit med lus og forureining.

Forskarar meiner lakselusa er så tilpasningsdyktig at ho ikkje kan knekkjast (med leppefisk, medisin eller varmtvasspyling).

Enkelte kommunar (Osterøy, Masfjorden) forbyr opne mæranlegg i indre fjordstrøk.

Det er eit politisk mål at havbruksnæringa skal 5-doblast innan 2050, for å kompensera for nedgang i oljenæringa

For å nå dette målet må havbruksanlegg av ulike slag i stor grad «landast» med tanke på tilfredsstillande prosesskontroll og rasjonell logistikk

Manger-presten Sars var havforskningspioner med Hjeltefjorden som arena.

Noreg ligg no langt framme kunnskapsmessig, serleg i Trondheim (SINTEF) men også i Bergen (Havforskningsinstituttet)

«Landing» av havbruksnæringa krev

- ulike konsept for ulike produkt
- vilje til å prøva og feila (politisk og økonomisk)
- nytenking omkring historiske rettar og (bruks-) verdjar i strandsona
- modifisering av offentlege planleggings- og sakshandsamingsrutiner ; tilrettelegging for nyskaping («innovasjon»)

Fløholmen / Nordre Byngja er ein interessant næringslokalitet :

- ved skipsleia, utan restriksjonar (bruer o. l.)
- med gode hamnetilhøve
- nær djupt havvatn i Hjeltefjorden
- ved historisk (og framtidig?) fjordkryssing
- med fylkesveg fram
- sentralt på «gass- og oljeaksen» Mongstad – Sture/Kollsnes (med tilhøyrande leidningar og liner)

100118 / VM